

Kven gjer kva

Publikasjonar og dokument

Regjeringa initierer saker. Ofte blir det oppnemnt eit spesielt utval til å greie ut ei sak.

Departementa behandlar saka. Det blir utarbeidd ein proposisjon eller ei melding til Stortinget.

Regjeringa behandlar saka i statsråd og fremjar proposisjonen eller meldinga til Stortinget.

Storingsrepresentant fremjar representantforslag.

Stortinget sender saka til komité.

Komiteen gir innstilling.

Stortinget får innstilling til behandling.

Lovsaker blir behandla i Stortinget første gang, og lovvedtak blir fatta.

Andre saker enn lovsaker blir behandla i Stortinget og stortingsvedtak blir fatta.

Stortinget behandlar lovsaka andre gong, og gjer endeleg lovvedtak.*

Kongen i statsråd sanksjonerer
Kongen og statsministeren underteiknar endeleg lovvedtak.

NOU

Noregs offentlege utgreiingar

Proposisjon til Stortinget (Prop. x S)

Regjeringa sitt forslag til stortingsvedtak.

Proposisjon til Stortinget (Prop. x L)

Regjeringa sitt forslag til lovvedtak.

Proposisjon til Stortinget (Prop. x LS)

Regjeringa sitt forslag til lovvedtak og stortingsvedtak i same proposisjon.

Melding til Stortinget (Meld St. x)

Rapport om arbeidet som er gjort på eit spesielt felt, eller drøfting av framtidig politikk.

Representantforslag (Representantforslag x S, x L eller x LS)

Forslag sett fram av medlem av Stortinget

Innstilling til Stortinget (Innst. x S)

Komiteen sine merknader og forslag til lovvedtak i Stortinget

Innstilling til Stortinget (lovvedtak) (Innst. x L)

Komiteen sine merknader og forslag til lovvedtak i Stortinget.

Lovvedtak (Lovvedtak x)

Vedtak etter 1. gongs behandling i Stortinget.

Lovanmerkning (Lovanmerkning x)

Anmerkning ved 2. gongs behandling i Stortinget dersom heile eller delar av lovvedtaket blir vedteke.

Stortingets forhandlingar (Stortingstidende)

Stenografiske referat frå møta i Stortinget.

*Vedtaket ved lovbehandling kjem fram av referat frå møte. Ved usemje etter 2. gongs behandling blir lovsaka behandla for 3. gong i Stortinget. Merknaden blir då anten vedteken eller avvist. Publikasjonane blir nummererte fortløpande, nummer er gitt som x i oversikta.